

Radar

2012 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

28.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Kontor- og telefonid
Måndag til fredag
kl 10 til 14

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest
Marianne Støylen Skauge
472 34 796
msskauge@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
jwkay@me.com

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K.Mjøs
456 05 639

Kyrkjetenar Sæbø
Marta G.Hvidsten 909 18 214

Bispevisitas i Radøy

Utdrag frå biskopen sitt visitasforedrag



Det har vore flott å vera på visitas her mellom bakkar og berg utmed havet og bli kjent med dykk. Takk for flotte dagar her i Radøy, Austrheim og Fedje sokn! Det er oppmuntrande for meg som biskop å besøka kyrkjelydar som dykk og få sjå noko av alt det gode som skjer her.

Det har vore eit godt og mangfaldig visitasprogram med møte med stabane, mange medarbeidarar og dei tre kommunane. Eg har blitt utspurt av 10.-klassingar på spørjetime på Radøy ungdomsskule, hatt andakt på sjukeheimen same staden, hatt eit flott møte med barnekor og frivillige medarbeidarar i Sæbø kyrkje; og vore på ein stor konsert i Fedje kyrkje og møtt borna på skulegudsteneste i Austrheim og konfirmantane og leiarane om kvelden. Ein givande og innhaldsrik visitas!

Gudsteneste – navet i kyrkjelyden.

Ungdom – vekst i trua

Visjonen for bispedømet er: *Saman vil vi ære den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, byggja kyrkjelydar, fremje rettferd.*

Saman vil vi ære den treeinige Gud. Det handlar om å gje Gud ære. Det gjer vi fyrst og fremst ved å gå til gudsteneste. Når vi er til gudstenesta, så gjev vi Gud den ære han skal ha. Vi aukar Guds ære mellom oss. Difor må vi gå regelmessig, også på heilt vanlege gudstenester utan noko spesielt. Også når gudstenesta er i ei anna kyrkje enn den aller næraste.

Det må vera vår søndagsvane, for trua treng gode vaner.

Mange går til gudsteneste først og fremst dersom dei kjenner at dette er meningsfullt, at dette har eg noko igjen for. Men eg vil leggja til eit perspektiv til: Gå til gudsteneste anten du kjenner at du har noko igjen for det eller ikkje, fordi ved å gå gjev du Gud ære. Og det gjer du uansett korleis du opplever gudstenesta.

Gudstenestefordeling

Radøy har tre kyrkjer i soknet. Det inviterer til strategisk tenking om framtida. I staden for å fyrst setta seg ned og telja gudstenester må ein spørja: Kva vil vi med gudstenestene våre? Deretter, kva typar gudsteneste fungerer best i kva for kyrkje? Kor vil det fungera best å ha gudstenester med vekt på trusopp-læring? Eller med nattverd og grundig opplærande forkynning for vaksne? Kor må det vera gudsteneste dersom ein skal få til ein stabil søndagsskule for alle kantar av soknet? Når ein spør slik, er det ikkje sikkert at svaret er at ein skal smøra gudstenestene likt utover.

Radøy sokn er eitt sokn med tre kyrkjer, og alle kyrkjene er felles. Difor må ein ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den næraste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.

Ungdom

I Radøy sokn er det KRIK og klubben i Manger Bedehus som gjev eit tilbod til ungdomane. Også her ser vi gode døme på eit samarbeid mellom kyrkja og dei kristelige organisasjonane som er særst verdfullt.

Samarbeid og nye strukturar

Dette har vore ein visitas som har dekkja tre fellesrådsområde, fordi de tre har noko saman. De er ei trusopp-læringseining. Desse tre kommunane samarbeidar på fleire område og dei har mykje felles. Før har det ikkje vore så mykje kontakt over grensene mellom Radøy og Austrheim. Før brua kom var det forståeleg, men no er det, om ikkje breie, så i alle fall køyrbare vegar mellom kommunane.

Dette samarbeidet vil vi på sikt styrka, slik at også prestane innan dette området i større grad samarbeider der det er naturleg.

Trusopplæring

Eg hadde håpa å kunna starta denne visitasen med å gratulera dykk med trusopplæringsmidlar. Regjeringa gav oss ikkje pengar til det. Men neste år håpar eg dei kjem. Bispedømet vil gjerne prioritera Nordhordland, fordi de har gjort eit godt arbeid med å legge planar og førebu dykk.

Gjevarteneste

Radøy, Austrheim og Fedje er som sagt ei trusopplæringseining og me forventar at det skal koma nok pengar til nesten ei heil stilling på deling. Men det er jo ikkje mykje. Difor vil eg utfordra dykk til å tenka større. Tenk om de kunne auka den stillingsprosenten som kvar av dykk vil få. Det er mogeleg dersom de satsar på gjevarteneste. Særleg vil eg leggje dette innover dykk som bur her i Radøy, og saknar ein lønna medarbeidar til å verke blant barn og unge og følgje opp dei friviljuge.

Det kan ikkje vere vanskeleg for ei så stor kyrkjelyd å få dette til. For de kan jo gje her ute: Eg var i Sæbø kyrkje og helste på dei som har stått bak innsamling av ein halv million til nye stolar og restaurering av orgel. Det er imponerande det som de gjorde den gongen! Men tenk om de hadde fast gjevarteneste som de kunne rekna med, ikkje minst i ungdomsarbeidet. Det vil eg utfordra dykk på.

Eg vil oppmode dykk til å vera med på ei fast gjevarteneste. Vi må venna oss til nye tider der kyrkja i mykje større grad må skaffa seg ein sjølvstendig økonomi som gjev handlerom og fridom og gjev dei musklar til å vera Kristi kropp i lokalsamfunnet. I Radøy er det mange som brukar blankettane i kyrkjebladet, så det er ikkje så stor overgang til å tenka gjevarteneste.

Diakoni og misjon

I Radøy vart diakoninemnda lagt ned då sokna vert slått saman. Eg vonar at starten på ein ny soknerådsperiode kan føre til at de får på plass ei ny nemnd, for det er jo diakonalt arbeid i Radøy. Når det gjeld misjon har Radøy misjonsavtale gjennom Det norske misjonsselskap i Brasil.

Gode lokalsamfunn

Dette har vore hovudtemaet når eg har møtt ordførarar og formannskap i dei tre kommunane. Kyrkja vil bygga gode lokalsamfunn og skapa gode tilbod til born og unge. Alle ordførarane har sagt at dei ser det og reknar med kyrkja som ein viktig medspelar, og det gler eg meg over å høyre! Difor vil eg gjenta utfordringa til kommunane: Hjelp kyrkja til å få så store stillingar at gode folk vil søka og bli verande. Det er ikkje alltid så mykje som skal til, men for ungdomane og borna og dermed bygda og kommunen betyr det mykje.

Så vil eg få minna om visjonen til bispedømet: *Saman vil vi ære den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, byggja kyrkjelydar, fremje rettferd.* Difor er mi utfordring til dykk etter denne visitasen:

- Gå til gudsteneste for di eiga skuld, for kyrkjelyden si skuld og for Guds skuld!
- Lag ein strategisk plan for gudstenestene i Radøy!
- Sats på ungdomen og ta vare på fjorårskonfirmantane!
- Få på plass ei gjevarteneste, slik at kyrkjelyden kan nå lenger ut med evangeliet!

Eg ynskjer dykk Guds signing over arbeidet og over medarbeidarane her.

*Bjørgvin bispestol, 22. januar 2012
Halvor Nordhaug*

Nytt sølv i Sæbø kyrkje



Sundag 29.januar overrekte formann i Sæbø kyrkje-foreining, Maria Fjellsende, nytt nattverdsutstyr i sølv til kyrkja. Sokneprest Kjell Sekkingstad tok imot gáva på vegne av kyrkja og innvigde både kalken og skrinet under nattverden.

På skrinet står det: "Dette er ei minnegåve etter Harald H.A. Askeland 2007. Sæbø kyrkje 2011"; og på kalken "Gåve frå Sæbø kyrkjeforeining til Sæbø kyrkje 2011."

Nytt frå dagleg leiar



Vel overstått. Tre dagar i januar har Radøy hatt bispevisitas saman med Austrheim og Fedje. I kyrkjeleg samanheng er dette ei storhending som sist skjedde på Radøy i 1997.

Det var møter med både kommuneleiing, prestar og tilsette. 10.klasse på ungdomsskulen møtte biskopen til spørjetime. Elevane hadde mange utfordrande spørsmål og eg trur dei frammøtte fekk eit svært positivt inntrykk av både biskop og prost. Første dag av visitasen samlast alle friviljuge i Sæbø kyrkje med song av

barnekora. Det vart også tid til vitjing av Velferdssenteret på Manger før biskopen med følge reiste vidare til Fedje. Visitasen vart avslutta søndag 22.januar med visitasforedrag i kyrkja på Manger og fest på Smith'en.

Ein visitas er også eit tilsyn med kyrkja og arbeidet som føregår der. Prestane skal ha samtalar, kyrkjebøkene skal kontrollertast, kontorforhold og arkiv skal ettersjåast og soknerådet skal ha møte med biskopen. Det ser ut som det meste var på stell og tilbakemeldingane til kommune og kyrkja sine tilsette og råd var svært gode. Alltid kjekt å få litt ros.

Rekneskapen for 2011 er ikkje ferdig revidert, men det ser ut som vi får eit lite overskot. Etter tre år med raude tal er vi glad for at det var mogeleg å få snudd drifta til ein liten pluss. Vi har diverre måtta auka prisar på alle tenester ein god del. Det var også naudsynt å vurdere innskrenkingar i stillingar. Målretta arbeid i soknerådet har vore avgjerande i denne saka. Vi vil også gje ros til Radøy kommune som saman med soknet har vore aktiv med å finna løysingar som har gjeve resultat.

På Sæbø arbeider vi med nytt reidskaphus. Det gamle vart rive saman med kommunehuset og vi måtte ha eit lite bygg til å ha utstyr til kyrkjegarden. Våre to kyrkjegardsarbeidarar er også bygningskyndige og huset er no under tak.

*Audun Sylta
Dagleg leiar*

Flygelkonsertar i Manger kyrkje

Våren 2006 fekk Radøy kommune ei storarta gåve frå ekteparet Inger Johanne og Roar Ektvedt — eit fantastisk Schimmel konsertflygel. Instrumentet har vore til stor glede i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar heilt sidan det kom, og no i mai har du sjansen til å få med deg to flotte flygelkonsertar i Manger kyrkje.

*20 mai
kl 1930
Rune Alver
Lydia Hoen Tjore*



Konserten byr på vakker musikk av mellom andre Edvard Grieg og Johannes Brahms. Det blir songar og ariar og pianomusikk for to og fire hender.

Medverkande: Lydia Hoen Tjore (sopran), Rune Alver (klaver), Inger Johanne Ektvedt (klaver) og Eilif B. Løtveit (konferansier).



*23 mai
kl 1900*

*Frode Skag Storheim
Baard Eikaas*

Frode Skag Storheim og Baard Eikaas, begge studentar ved Griegakademet, innbyr til konsert onsdag 23.mai. Frode er ein velkjent musikal både i Radøy og resten av Nordhordland, og saman med sin studiekamerat Baard er vi sikre på at dette vert ein konsert å gleda seg til!

Min salme



Salmeboka er den beste diktboka eg har. Min salme vert “Jeg er i Herrens hender”, nummer 497 i Norsk salmebok.

Det er med mange minner og stor tillit eg syng den. Salmen krev ingenting av meg, men er til styrke og trøyst. Ja, sjølv om eg ikkje er på “bønnens vinger” så lit eg på Herrens hender.

Det har vore både smil og gråt og dype daler, men “fra himlens høye saler, hans øye følger meg”. Og når lyset mitt brenn ned vil eg kvila i Herrens hender “på vei til himmlen inn” (der eg trur Herrens hender er strekt ut frå).

Det første minnet frå salmen er frå lenge før eg minnes. Mor mi fortalde seinare at ho (i 1941) sang den heile vegen, då ho bar den 6 månadar gamle poliosjuka ungen sin til rutebåten på Hellakaien, som gjekk til byen kl 0500 og så vidare til Haukeland sjukehus. Sidan har salmen fylgt meg i brev og helsingar. Bryllaup, dåp, konfirmasjonar og gravferd. Eg kjenner meg trygg i Herrens hender.

Anna Hella Kartveit.

*Jeg er i Herrens hender
når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender
sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe
av glede og av savn,
jeg kan på bønnens vinge
få kraft i Jesu navn.*

*2 Jeg er i Herrens hender
i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner
at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler
må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler
hans øye følger meg.*

*3 Jeg er i Herrens hender
når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner
for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde
og setter englevakt,
for natten han vil råde
med hellig guddoms makt.*

*4 Jeg er i Herrens hender
når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner,
fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånde,
han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vande
på vei til himlen inn.*

Kyrkjetenarpraten



Nokre av oss kjenner jo Marta litt fra før. Ho har vore kyrkjetenarvikar i kyrkjene ei tid, og me er heldige som kan gleda oss over henne og mannen Roald sitt selskap. Ho og Roald bur og driv gard på Kviste.

No som ho er nyansatt kykjetenar i Sæbø, har eg vore ute med “Radar” og stillt nokre lure spørsmål.

Kaffi eller te? Te

Surt eller søtt? Søtt

Kjøpt eller heimelaga? Heimelaga, heilt klart!

Bil eller Sykkel? Aller mest glad i å gå.

Fil eller bok? Ei god bok

Sjåfør eller sidemann? Sidemann

Sumar elle vinter? Vinter

Sjø eller fjell? Like glad i begge delar.

Innland eller utland? Innland.

Marta synest de er veldig kjekt å få vera kyrkjetenar i ei nyoppussa kyrkje og ho gler seg over møte med enkeltmenneska. Den største utfordringa seier ho vert å bli god å ringja med dei to store klokkene. Ho må ofte ha litt drahjelp av mannen sin.

Velkomen og lukka til med arbeidet ditt Marta!

Ute med radaren var Sølvi Helen.

Nytt frå soknerådet

Av og til får me ein konvolutt i postkassa til kyrkjekontoret med pengar i. Dette er anonyme gjevarar som ynskjer å støtte opp om arbeidet som kyrkja gjer. Me er svært takksame for alle gåver som me får, men det er vanskeleg for oss å få takka for slike gåver. Me veit ikkje kven me skal takka. Difor ynskjer vi å takka dykk gjennom Radar.

Me har mange utfordringar i tida framover, m.a. eit orgel som treng vedlikehald. Me fekk òg nokre utfordringar hjå biskopen under visitasen. Sjølv om me fekk skryt for at me tek godt vare på kyrkjene våre, minna han oss på at me måtte få på plass ein trusoppæringsmedarbeidar. Han oppfordra oss til å få til ei gjevarteneste slik at me kunne tilsetja ein person.

Me har prøvd å få til gjevarteneste tidlegare, men me må vera meir aktive i arbeidet vårt skal me få det til. Skal me tilsetja nokon i arbeidet med born og ungdom er me avhengig av å ha nokonlunde faste inntekter (gåver). Kanskje me skal utfordra kyrkjeforeiningene våre til å støtte opp om dette?

Til sist vil eg endå ein gong få takka for alle gåver me får til kyrkjene og kyrkjelydsarbeidet. Tusen takk.

Ludvig Grindheim, leiar.

Saman om gudstenesta



- Den norske kyrkja innfører ny ordning for hovudgudsteneste frå 2011
- Den nye ordninga opnar for større breidde og variasjon i den lokale gudstenesta
- Fleire skal vere med og prege gudstenestelivet i kyrkjelyden



Gudstenesta i endring

Statusrapport frå gudstenesteutvalet

Heile Den norske kyrkja held no på med innføring av ny liturgi eller gudstenesteordning. På Radøy har soknerådet etablert eit gudstenesteutval som skal utarbeida framlegg til korleis våre gudstenester skal vera. I utvalet sit William Kay (leiar), Marta Grønstad Hvidsten (nestleiar), Marianne Støylen Skauge (sekretær), Simon Grandahl, Mette Hjelmeland, Magne Myrtveit, Åsmund Stray Nordberg og Kjell Sekkingstad.

Sjølv om to av slagorda til gudstenestereforma er “stadei-gengjering” og “fleksibilitet” så tyder ikkje det at det no er fritt fram. Vi har fått ein ny liturgi som skal vera utgangspunktet for alle gudstenestene i Den norske kyrkja. Det er likevel lagd opp til at den lokale kyrkjelyden kan velja

mellom ulike alternativ når det gjeld plasseringa av einskilde ledd, kva bønner som skal brukast og kva type musikk ein skal ha.

I framlegget som gudstenesteutvalet utarbeider (som heiter lokal grunnordning) skal ein i tillegg ta stilling til korleis dei ulike kyrkjene skal brukast, laga ein plan for korleis medverknaden til frivillige kan utvidast og, ikkje minst, universell utforming. Når det gjeld sistnemnde, så ser utvalet klare utfordringar i samband med nattverd og ofring rundt alteret i Hordabø og Sæbø kyrkjer. Trykte gudstenesteprogram vil no finnast i to storleikar: eit vanleg A5-hefte og eit A4-hefte med stor skrift.

Den nye gudstenesteordninga har ein femdelt struktur: Samling, Ordet, Forbøn, Nattverd og Sending. I utgangspunktet skal alle desse vera med i kvar gudsteneste, men det vil framleis vera nokre gudstenester utan nattverd. Dei fleste ledda i gudstenesta har faste plassar, men nokre (syndsvedkjenning, dåp og takkoffer) har fleire moglege plasseringar. Andre ledd (t.d. dagens bøn) er valfrie. Her er det den lokale kyrkjelyden som avgjer.

Så langt har gudstenesteutvalet gjort nokre førebelse vedtak for korleis gudstenestene på Radøy skal vera:

- **Informasjon i byrjinga i gudstenesta** etterfulgt av 3 bønslag. Her vert det sagt litt om dagens gudsteneste før vi samlar oss i stille bøn/ettertanke før inngangsprosesjonen. Utvalet synst det er svært viktig med denne stille stunda i starten av gudstenesta.
- **Syndsvedkjenninga** kjem i samband med forbøna. Det finst gode argument for begge moglege plasseringar (etter samlingsbøna i byrjinga av gudstenesta eller før forbøna). Etter ei vurdering av desse argumenta, har utvalet gått inn for sistnemnde plassering.
- **Herrens bøn.** “Vår Far” vert brukt fast i alle gudstenester. Det er denne omsetjinga som står i den nye Bibelutgåva og som vert brukt i trusopplæringsarbeidet (t.d. med konfirmantar og skuleklassar). Det er difor naturleg å bruka den same omsetjinga i gudstenestene våre.
- **Takkofferet** vert samla inn i benkane under salmen før nattverd (når ein feirar nattverd). Ellers går kyrkjelyden rundt alteret og ofrar. Utvalet er klar over at dette er problematisk med omsyn til universell utforming og tek gjerne imot innspel om gode løysingar!

Det er ikkje berre gongen i gudstenesta som er ny, men også den strategiske tenkinga. Ein finn ikkje lenger orda “klokkar”, “tekstlesar”, “dåpsassistent” osv i gudstenesteboka. Alle som gjer noko i gudstenesta, om dei er kantor, kyrkjetenar eller forsongar, er no kalla for “medliturg”. Det er medliturgar som m.a. skal leia samlingsbøna, trudvedkjenninga og forbøna. Medliturgane representerar kyrkjelyden. Det er lenge sidan gudstenesta var presten si eller organisten si! Gudstenesta er **kyrkjelyden si**, og bruken av medliturgar understrekar dette viktige prinsippet.

Nokre har etterlyst dei gamle kunngjeringane i den nye gudstenesteordninga. Den nye liturgien legg opp til ein tredelt kunngjeringsmodell:

- **I byrjinga av gudstenesta** kunngjer ein det som gjeld gudstenesta i dag.
- **Før forbøna** kan ein nemna aktuelle forbønsemner. Her har gudstenesteutvalet føreslått at det fulle namnet til dåpsbarnet og offermålet vert lest opp. Desse vert tekne med i forbøna som fylgjer etter. Det er på denne plassen det også vil vera naturleg å dela ut bøker, presentere konfirmantar osv.
- **I slutten av gudstenesta** kunngjer ein det som gjeld veka som kjem. Dette gjer vi primært på lerret og gudstenesteprogram.

Tanken bak denne modellen er å unngå eit brot midt i gudstenesta som uroar den liturgiske pulsen.

Utvalet har enno ikkje teke stilling til kva musikk som skal brukast i gudstenesta. I denne innføringsperioden er det viktig å ikkje endra på alt med ein gong, og vi har med vilje brukt lite ny musikk hittil. På to plassar er det likevel teke i bruk ny musikk:

- **Hallelujaverset før og etter evangelieleinga.** Her brukar vi eit omkvad som står i den blå salmeboka "Salmar 1997". Dette synest å ha fungert godt sidan vi tok det i bruk i desember.
- **Kyrkjelydssvar under forbøna.** Den gamle "Herre, høyr vår bøn" er ikkje lenger med i liturgien og kvar kyrkjelyd må velja eit kyrkjelydssvar. Sidan desember har vi brukt eit svar skreve av organisten Iver Kleive.

Musikkpermen er tjukk med vel nærmare 1000 sider. Det er ikkje all musikken som passar hjå oss, men det er mykje som vi kan bruka. Når vi delte ut nytestamente til 11-åringane i februar, brukte vi ny "familievenleg" musikk av Magnus Beite. Kanskje eit alternativ for gudstenester med meir familiepreg?

Snakk gjerne med ein av oss i gudstenesteutvalet om den nye gudstenesteordninga! Det er viktig for oss å få respons frå kyrkjelyden medan vi utarbeider framlegget. Ein del ting kan vi ikkje gjere noko med, dei er ein del av den nye ordninga; andre ting som skal avgjerast lokalt vil vi gjerne ha respons på!

Når utvalet sitt framlegg er ferdig vert det sendt til soknerådet for godkjenning. Framlegget skal handsamast to gongar i soknerådet: først saman med tilsette og så igjen etter eit soknemøte som vert halde rett etter sommarferien. Deretter går den lokale grunnordninga til biskopen for endeleg godkjenning, før den vert teke i bruk 1. søndag i adventstida 2012.

På kyrkjelyden sitt årsmøte den 28.mars vil utvalet leggja fram arbeidet sitt så langt. Vi vonar mange vil finna vegen til kyrkjestova på Manger denne kvelden!

*For gudstenesteutvalet.
J. William Kay, leiar.*

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
13.11.2011 22.s.e.pinse	Kirkens SOS i Bjørgvin	965,50
20.11.2011 Siste s.i kyrkjeåret	Det Norske Misjonsselskap	1828,00
27.11.2011 1.s.i adventstida	Norsk Søndagsskoleforbund	1484,00
04.12.2011 2.s.i adventstida	KRIK Radøy	3980,50
18.12.2011 4.s.i adventstida	Nappana mottak- og omsorgssenter	895,00
24.12.2011 Julaftan	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	23.233,00
	Kirkens Bymisjon (2 offer)	8757,00
25.12.2011 1.juledag	Det Norske Misjonsselskap	3087,50
01.01.2012 1.nyårsdag	Familie og medier	1465,00
08.01.2012 Kristi openberringsdag	Trusopplæring i Radøy	2841,00
15.01.2012 2.sundag i openberringstida	Det teologiske menighetsfakultetet	1666,00
22.01.2012 3.sundag i openberringstida	Det Norske Misjonsselskap	8263,50
29.01.2012 4.sundag i openberringstida	Sjelesorgsenteret Haraldsplass	780,00
05.02.2012 Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap (2 offer)	3940,00
12.02.2012 Kristi forklåringsdag	Det Norske Bibelselskap	1371,50
19.02.2012 Fastelavnssundag	Himalpartnar	640,00
22.02.2012 Oskeonsdag	Institutt for sjelesorg (Modum bad)	821,00
26.02.2012 1.sundag i fastetida	Blå kors Norge	2482,50

	Denne perioden	Hittil i år
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	0,00	0,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	2841,00	2841,00
Offer til andre organisasjonar:	65660,00	65660,00

Korarbeid i kyrkjelyden

Sæbø barnekor

Øving tysdagar (partallsveker) i Sæbø kyrkje
kl 1815-1930

Kontaktperson Marta Grønstad Hvidsten
909 18 214

Friends

Øving tysdagar (partallsveker) på Sæbø skule
kl 1815-2000

Kontaktperson Irmelin Hordvik
eihordvi@online.no

Barnekoret Baluba

Øving tysdagar i Manger kyrkjestove

Kontaktperson

Astrid Wergeland Mellingen
906 32 915

Hordabø minikantori

Øving tysdagar i Hordabø kyrkje kl 1730

Kontaktperson

Sølvi Helen Kvalheim Mjøs
5637 0588

Radøy damekor

Øving torsdagar i Manger kyrkje kl 2000-2200

Kontaktperson Elin Klausen
951 36 562

Familiennytt



Døpte

27.11.2011 Jacob Aleksander Bendiksen
 27.11.2011 Emilie Marøy-Treni
 08.01.2012 Lea Sjursen-Daae
 08.01.2012 Nikolai Instebo Torkelson
 08.01.2012 Tristan Elias Vestheim Dale
 15.01.2012 Synne Helland Haugland
 12.02.2012 Amalie Nordtveit Rekkum
 12.02.2012 Simon Gjerde
 26.02.2012 Ingeborg Røynstrand
 Matland
 04.03.2012 Isak Sylta Myking
 04.03.2012 Kim Andre Tufte Sylta
 11.03.2012 Sara Knarvik Olsen

Døde



16.12.2011 Lilly Johanna Sylta
 23.12.2011 Selma Palmesen
 30.12.2011 Anna Fjellstad
 30.12.2011 Ingrid Pletten Rikstad
 03.01.2012 Irene Elisa Nødtvedt
 20.01.2012 Ole Marøy
 20.01.2012 Rønnaug Charlotte Øren
 24.01.2012 Erling Mjøs
 17.02.2012 Herborg Rath
 24.02.2012 Eldbjørg Dorthea
 Bjørkheim

Korleis har du det egentleg?

Kirkens SOS
 815 33 300
www.kirkens-sos.no



Bli pipefadder!



*Bli pipefadder
 og støtt orgelet i
 Manger kyrkje!*

Sjå radoysokn.no

MANGER GRAVMONUMENT

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
 Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM VVS
 AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073 / kval.vvs@frisurf.no
 Måndag - fredag 0900-1630
 Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



**Nordhordland
 Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende
 dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no



BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



REMA 1000
 bare lave priser

Manger Senter
 09-22 (20) 5637 2255



Manger Senter
 Postboks 5 - 5931 Manger

**Geir Kvalheim
 Glasservice**
 5936 Manger - 56 37 03 71
Alt i glass, dører og vinduer

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger - Ring 56 37 31 11
 leverer snittar, koldtbord og varm mat



Vatne Begravelsesbyrå AS

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
 Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
 Tlf 56 35 16 61 - Kontor



Elinstallatør - Lampebutikk



5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 1. april	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
torsdag 5. april	1900	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Kveldsmat etter gudstenesta.
fredag 6. april	1900	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 8. april	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Frukost før gudstenesta.
søndag 15. april	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 22. april	1100	Solendfjellet. Gudsteneste.
søndag 29. april	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
laurdag 5. mai	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste. Konfirmasjon.
søndag 6. mai	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmasjon.
	1300	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmasjon.
laurdag 12. mai	1100	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Konfirmasjon.
	1300	Emigrantkyrkja. Gudsteneste. Konfirmasjon.
sundag 13. mai	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste. Konfirmasjon.
torsdag 17. mai	1000	Manger kyrkje. Gudsteneste.
	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
	1115	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
	1230	Emigrantkyrkja. Gudsteneste.
søndag 20. mai	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
	1930	Manger kyrkje. Flygelkonsert. Rune Alver, Lydia Hoen Tjore.
onsdag 23. mai	1900	Manger kyrkje. Flygelkonsert. Frode Skag Storheim og Baard Eikaas.
søndag 27. mai	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
måndag 28. mai	1300	Katedralen. Gudsteneste.
søndag 3. juni	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste
søndag 10. juni	1100	Tjorehagen. Gudsteneste.
søndag 17. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.
Gå til radoysokn.no eller følg oss på Twitter: [@radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

**Neste nummer av Radar kjem ut i juni 2012 (veke 24).
Frist for innsending av artiklar/bilete er 14.mai 2012.**

Redaksjon: J. William Kay, Audun Sylta, Kjell Sekkingstad
Utforming: J. William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

